

Norsk reformasjonsfeiring

Tilbakeblikk ved inngangen til eit jubileumsår

Av Steinar Supphellen

STEINAR SUPHELLEN, professor emeritus, Institutt for historiske studier, Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet NTNU, 7491 Trondheim. E-post: steinar.supphellen@ntnu.no

Vi står framfor ei større reformasjonsfeiring, og det kan ha interesse å sjå litt på korleis slike feiringar tidlegare har gått føre seg.

Når det i 2017 skal haldast stor reformasjonsfeiring, er dette ikkje noko typisk nasjonal sak, og heller ikkje noko sak der lokale arrangement kan forventast å stå i fokus. Likevel er tanken at det skal inspirerast til feiring i alle prestegjeld. Det er i dei høgre kyrkjelege instansar det er planlagt og førebudd store markeringar, og herifrå går det ut planar og innbydingar med forventningar om at fotfolket følgjer opp.

Feiringa komande år skal ha globalt preg, blir det sagt. Ei hovudmarkering skal skje ved generalforsamlinga til Det lutherske verdensforbund i Namibia i mai, og ein internasjonal kongress for Luther-forskning skal haldast i Wittenberg. Interessant er det at med særleg tanke på Norden skal det, som ei slags innleiing, haldast ei økumenisk gudsteneste i Lund 31. oktober 2016. Her skal paven for første gong vera med på ei markering av reformasjonsdagen. I 2017 skal det haldast stor økumenisk gudsteneste i Nidarosdomen på denne dato. I alle dei nordiske landa har komitear med prominente personar vore i sving, i Noreg under leiing av biskop Helga Byfuglien.¹ I alle landa er målsetjinga at det skal avviklast ei «økumenisk og samtidsorientert markering», slik det norske profildoku-

mentet uttrykkjer det. Perspektivet skal vera økumenisk og globalt.

På høgste hald er det også formulert eit tema. For generalforsamlinga til Det lutherske verdensforbund som for heile reformasjonsfeiringa, skal det vera ordet nåde. Under dette hovudtema er det sett opp tre undertema: Frelsa er ikkje til sals. Menneske er ikkje til sals. Skaparverket er ikkje til sals.

Frå den norske komiteen har det gått ut retningslinjer om at hausten 2017 skal det i alle kyrkjelydar haldast fire temagudstenester i samsvar med dette programmet. Dette skal vera hovudsaka i feiringa. Men det blir også sagt at komiteen ønskjer seg lokale kulturarrangement innan kvart bispedømme, gjerne av lokalhistorisk karakter.

Kva som i praksis blir det viktigaste ved reformasjonsfeiringa i 2017 ser ein nok først i ettertid, men sentrale ord skal altså vera nåde, økumenisk og globalt. Det første er lett å knyta til opphavsmannen til heile reformasjonen, dei andre knyter seg meir til samtidsorientering og har hatt liten plass ved tidlegare markeringar. Tiltak med lokalhistoriske vinklingar synest også å ha vore mangelvare.

Når vi no gjer oss klar til denne nye feiringa, kan det høva å sjå litt på korleis det tidlegare har vore festa – korleis det har vore gjort, og kva det har vore lagt vekt på. Her ligg det tema for studier av mange slag, både teologiske, kyrkjehisto-

riske og reint samfunnshistoriske, men i denne samanheng blir det berre høve til nærast ei ytre skisse av dei sentrale norske feiringane.

Norske feiringar

Reformasjonsfeiringa i 2017 er i sin grunn eit 500-årsjubileum for starten av det som vart den lutherske reformasjonen. Utgangspunktet er sjølv sagt dei endringane i den katolske kyrkja som særleg Martin Luthers aktivitetar førte med seg. Starten blir gjerne tidfesta til 31. oktober 1517 då han slo opp sine teser, særleg mot avlaten, på kyrkjedøra i Wittenberg. Men den lutherske reformasjonen var ein prosess. At den tok til i 1517, er det stor semje om, sameleis at kunngjeringa av trusvedkjenninga i Augsburg i 1530 var viktig. Mellomalderkyrkja vart kløyvd, ei avvikande lære vart formulert, noko som førte til at både den katolske kyrkja sjølv, den lutherske kyrkja og kalvinistane frå 1560-åra hadde fått sine egne konfesjonar. Det var desse konfesjonane det vart kalla til krig for, ikkje minst under dei såkalla religionskrigane i første halvpart av 1600-talet.

Ny lære førte til ny organisering av kyrkja i dei ulike fyrstedømme. Dette var det verdslege fyrstar som tok seg av. Ei slik *innføring* av reformasjonen kan tidfestast først i tyske fyrstedømme, seinare i heile statar som Danmark-Noreg og Sverige.

Det har difor i hovudsak vore tale om to feiringar. Når den generelle lutherske reformasjonen skal feirast, har det sidan 1600-talet vore vanleg å nytta 31. oktober 1517 som utgangspunktet for slik feiring. Slik har det visst vore i alle lutherske land. Men i tillegg har det vore meir lokale feiringar knytta til tidspunktet for formell juridisk innføring av reformasjonen i einskilde land. I Danmark vart reformasjonen innført i 1536. I Sverige skjedde det delvis ved riksdagen i Vesterås i 1527, men definitivt først i 1593. I Noreg reknar vi med at innføringa

skjedde i 1537 ved at landet vart direkte erobra av dansk hærmakt og erkebispen rømde landet.

I dansk-norsk samanheng vart det halde større reformasjonsfeiringar i 1617 og 1717 og dessutan i 1736. Etter 1814 har det vorte halde norske reformasjonsfestar i 1817 og 1917 og dessutan både i 1837 og i 1937. Dette har vore hundreårsmarkeringar, medan det innimellom også har vore mindre markeringar, seinast 450-årsmarkering i 1967 og 500-årsmarkering for Luthers fødsel i 1983. Vi skal her halda oss til dei store feiringane og ta føre oss i alt sju slike i tur og orden.

Det er relativt lite skrive om desse feiringane. Den som har vore mest direkte oppteken av saka er professor Oluf Kolsrud, som m.a. i samband med feiringa i 1917 skreiv ein lengre artikkel, publisert i *Norsk Teologi til Reformasjonsjubilæet 1917*, der han omtalar fleire tidlegare feiringar.² I den seinare tid har det kome nye arbeid som er opptekne av temaet,³ og fleire vil det vonleg bli i samband med komande jubileum.

Feiringa i 1617

Då det skulle haldast reformasjonsfeiring i 1617, var det den leiande geistlege i Danmark, sjællandsbiskopen Hans Resen, som stod i brodden. Han sende hyrdebrev til alle biskopane i Danmark-Noreg og la opp til ein kyrkjefest, sjølv sagt med monarken, Kristian 4., si klære støtte. Det var tid for å markera den reine lære. Forsøk på motreformasjon var no slått tilbake, Resen hadde sjølv hatt eit sterkt oppgjær med kryptokalvinismen, og han la opp til ein takke- og minnefest som skulle haldast ved universitetet i København og alle kyrkjer i riket. Føremålet var, slik som professor Oluf Kolsrud formulerar det: «Seierrigt at fastholde, hevde og værne uforkortet og ubeskaaret arven fra Luther.» Sjølv gav Resen ut jubelskriftet *Lutherus triumphans*. Etter hundre år og stor kamp sto reformasjonen no

støtt og sterkt, det var budskapet som skulle understreka gjennom denne jubelfesten.

Feiringa i 1617 førte elles til at det vart innført årleg reformasjonsfest ved universitetet i København, ein skikk som vart definitivt avslutta først i 1906! Også i kyrkjene skulle det haldast årleg markering av reformasjonen, m.a. ved eiga «Jubelbøn» forfatta av Resen. Seinare, i 1770, vart denne kyrkjelege reformasjonsdagen lagt saman med allehelgensdag og dermed plassert på fyrste søndag i november. Den kom dermed meir i bakgrunnen. Resen si jubelbøn fanst i altarboka heilt til vi i Noreg fekk ny kollekt- og tekstbok frå 1887. Vi må absolutt kunna seia at reformasjonsfeiringa i 1617 hadde langvarige verknader. Det er også frå om lag denne tid at omgrepa luthersk og lutheranarar for alvor slår igjennom. Ein sto ved inngangen til det som skulle bli kalla ortodoksiens tid, ein periode med sterk einsretting av kyrkjelæra. Og det som skulle feirast, var siger over motstandarar – at lutherdommen hadde overlevd! Det var også tid for å ta alvorleg fatt på hekser og all slags trolldom. Denne kampen mot trolldom nådde ein topp i desse åra og spela ei rolle ved feiringa i 1617. Det heile var styrt frå København av einevaldskongen og leiande dansk biskop. Det var konge og kyrkjemakt som hadde vunne og kunne feira.

Feiringa i 1717

I 1717 var det på nytt tid for feiring.⁴ Dette var under Den store nordiske krigen, men hausten 1717 var det ein roleg periode før den avsluttande fasen dei følgjande to åra. Trass i trange tider vart det over ein åttedagars periode halde store tilstellingar, mest i Danmark, men også nokre stader i Noreg. For på nytt å sitera Oluf Kolsrud: «Jubilæet, der ogsaa denne gang feiredes som en seirfest for den rene lutherske lære, blev baade en virkelig menighetsfest og en stor akademisk høi-

tid, men først og fremst en glimrende hoff-fest med udfoldelse av et rikt ceremoniel og en usedvanlig pragt». Formuleringa kunne tyda på at kongedømet – staten – hadde hand om det heile, meir enn kyrkja og bispane. Dette er også svært tydeleg. Kongen ga ordre til utarbeiding av eit omfattande seremoniell, og to viktige kommisjonar vart sette i arbeid. Dei åtte festdagane vart planlagde i stor detalj, og opplegget vart kunnngjort som kongeleg påbod i kyrkjene. I København gjekk to kongelege heroldar omkring med pauker og trompetar og kunnngjorde kongens påbod, og kvelden før det heile starta, vart det ringt med klokken over heile riket i ein heil time. Gjennom festveka vart det halde gudstenester, møter og tilstellingar, universitetsfestar og kongelege middagar, men også etter kongeleg oppfordring gjeve gaver til fattige og sjuke, og jamvel slept fri nokre fangar. Den generelle pengebruken på denne festen sto i ganske stor kontrast til den generelle økonomiske situasjonen i riket.

Feiringa framheva det danske kongehuset. Når det elles galdt innhaldet i festen, skulle det markerast ved den akademiske, latinske talen på universitetet, halden av den leiande professor Hans Bartholin. Han erklærte at framfor å tala om Luthers aktivitetar, ville han «dvæle ved den ortodokse lutherske lære og dens bekræftelse gennem sejr over al vranglære». Papistane hadde trudd at den lutherske lære ville døy med Luther. Det hadde slett ikkje skjedd, og i Danmark kunne ein finna læra rein og sterk, og her ville alle mogelege avvik bli avslørt og tilbakevist.

Den viktigaste delen av feiringa gjekk sjølvsgagt føre i seg i København, men heile riket skulle vera med. Frå feiring i Noreg finst det lite opplysningar. I Bergen vart det halde eit par talar, og frå Kristiansand vart det rapportert om foredrag. Kongelege ordrar bruka ein sjølvsgagt å følgja, men lite tyder på at reformasjonsfeiringa i Noreg i 1717 kan ha vore særleg omfattande eller entusiastisk.

Feiringa i 1736

Det kunne ein vel heller ikkje venta då det skulle haldast ny reformasjonsfeiring i 1736. Det var midt i Kristian 6. sin periode – under utviklinga av den såkalla statspietismen. Det som særleg kunne feirast, var at Danmark hadde vorte ein luthersk stat. Luther og hans katekisme, Pontoppidans innsats og innføring av konfirmasjonen var viktig, men avgjerande var kongens gode vilje til å sikre ei slik gjennomføring av reformasjonen. I 1736 vart det halde gudsteneeste for kongen i Nikolaj-kyrkja i København, det vart gjeve ut eit skrift om dei velsigningane reformasjonen hadde ført med seg, og dette skulle lesast opp frå alle preikestolar og dessutan i skulane.⁵ Hovudsaka her var ikkje å feira Luther og hans gjerningar, men derimot å understreka velsigningane ved å leva i ein luthersk stat under eit kongehus som tok sin lutherdom alvorleg.

Kongen gav ordre om at det skulle avleggjast doktorgrader ved universitetet i høvande emne – noko som også skjedde. Det vart også prega vakre medaljar til feiringa. Denne feiringa vart nok likevel ikkje så omfattande som feiringa i 1717. I norsk samanheng var det liten entusiasme for å feira hendingane i 1536, som rett nok hadde ført til innføring av reformasjonen, men også til tap av eige riksråd og status som eige rike.

Men feiringa i 1736 var også den siste som skulle vera felles for det gamle Danmark-Noreg. Då det i 1817 på nytt var tid for feiring, hadde vi passert 1814. Det var eit anna og friare Noreg som skulle feira.

Feiringa i 1817

La oss sjå litt grundigare på denne første norske feiringa som i mangt vart retningsgjevande.

Særleg den økonomiske tilstanden i Noreg i 1817 gav dårleg grunnlag for ei flott og dyr fei-

ring, men feiring skulle det bli så godt ein makta. Det var også viktig at det var ein samla nasjon som feira, at ein ikkje laga eit opplegg som viste fram motsetningar og usemje. Det fanst opplagt ei spenning mellom rasjonalistiske tendensar og tendensar med større vektlegging av bibeltruskar. Slikt førte til opne konflikhtar både i Tyskland og Danmark, men kom lite til syne i Noreg. Det var ein samla norsk nasjon som feira.

Men inspirasjonen kom visst frå Danmark, det var derifrå ein var van med å få instruksane. No var det likevel kristianiabiskopen som tok fatt i saka og hadde initiativet. Etter hans framlegg oppnemnde departementet i desember 1816 det som vart kalla «Jubelkomiteen».⁶ Der sat kjente menn som statsråd Christian Krohg, biskop Frederik Julius Bech, professor Ludvig Stoud Platou, professor Svend Brochmann Hersleb og slottsprest Claus Pavels. Det vart arbeidd raskt og effektivt. Ei innstilling til departementet var ferdig 24. februar 1817, og kongeleg godkjenning skjedde 14. april. I mai vart det såkalla «festreglementet» sendt ut til bispane og andre sentrale personar. Kva skulle skje?

Kongen hadde m.a. bestemt at Det kongelige norske videnskabers selskab i Trondheim og Det norske bibelselskap «ethvert efter sin Stilling vil højtideligholde Festen til Minde om Religionens og Videnskabernes Gjenfødelse i Europa», og at bispane kvar i sitt stift skulle «opfordre Folket til i Overeensstemmelse med Øjemedet og Hans Majestets naadigste Villie paa værdig Maade at deeltage i Festens Højtidelighed».

Det godkjende «Festreglementet» slo fast at dei fire dagane frå fredag 31. oktober til og med måndag 3. november skulle vera festdagar. Eigentleg var det vedteke at berre Kristiania skulle feira i fire dagar, dei andre stiftsbyane i tre, og på landet kunne ein nøya seg med to dagar. Dette vart endra, festen skulle vara i fire

dagar. Men for feiringa på laurdag var det berre omtala markeringar ved alle lærde skular og borgarskular i byane, og måndagen var tida for tilstellingar ved universitetet og i Vitskapselskapet. Den verkeleg felles feiringa for alle var gudstenester fredag og søndag. Når det galdt gudstenester, greidde elles biskop Bugge i Trondheim å få til ein dispensasjon.⁷ Han hevda at fropreike (dvs grytidlig om morgonen) på denne mørke årstida ville samla få tilhøyrarar, og i Vår Frues kyrkje ville presten måtta preike både morgon og kveld og over to ulike tekstar. Dette fann han lite formålstenleg. Han fekk innvilga dispensasjon.

Til gudstenestene – fredagsgudstenesta, fropreika, høgmesse og aftensang søndag – var det utarbeidd fullt opplegg med salmar, tekstar, kollektar og bønner. Biskop Bech hadde forfatta bønner, slottsprest Pavels kollektar, og saman hadde dei vel funne fram til tekstar og salmar. Teologiprofessor Hersleb hadde hatt eit spesielt oppdrag. Han hadde skrive ein «Kort historisk Udsigt over den christelige Kirkes Tilstand før og efter Reformationen». Denne skulle lesast ved hovudgudstenestene både fredag og søndag, og avsluttast med avsynging av «Vår Gud han er så fast en Borg».

Festopplegget skulle grundig kunngjerast på førehand, både frå preikestolane og på anna vis. Søndagen før oppstart, dvs. 26. oktober, skulle folk av presten «formanes til, med gudfrygtig Sind at berede sig til værdigen at takke Gud paa forestaaende Jubelfest for hans store Velgjerning imod sit Folk». Då skulle det også lesast opp ei innbyding til fest frå biskopen i kvart stift, ei påminning om kva ein hadde å takke for.

Så starta det heile klokka fire torsdag ettermiddag: Frå fire til fem skulle det kimast i alle kyrkjer og med alle klokker. I byane, der det var mogeleg, skulle det frå kyrkjetaarnet «blæses ... Choralmelodier ... med Basuner og Trompeter». I stiftsby-

ane skulle heroldar kunngjera at festen skulle ta til, og det skulle kvilast frå alt arbeid. Alle skulle vera opptekne med markeringa.

Laurdagen skulle skulane feira etter kunn gjort program, og mange talar vart haldne. Denne dagen hadde også det nye bibelselskapet feiring m.a. i Vår frues kyrkje i Kristiania med biskop Bech som hovudtalar. Dette vart opptakten til at Det norske bibelselskap i ettertida knytta sin årsfest til første søndag i november. Ved fleire av kyrkjene vart det under jubelfesten sett innsamlingsbøsser ved kyrkjene, og bibelselskapet rapporterte at dei såleis hadde fått inn om lag 487 spesiedalar ved reformasjonsfesten.

Måndag var det universitetets tur. Men til universitetets feiring hadde det knytt seg nokre problem. Ein hadde tenkt seg å kanskje nytta høvet til at heile det nye universitetet kunne bli innvia og få si eiga lov – sin fundas – men det var det ikkje klart for. Sidan fundas ikkje var på plass, var det også tvilsamt om ein burde foreta doktorpromosjonar, og det enda med at det berre vart halde høgtidsam samling med stor tale m.v. Den universitetsfundasen som endeleg i 1824 vart vedteken, innførte ei årleg reformasjonshøgtid ved universitetet kvar 31. oktober, men dette vart berre ein heller tom formalitet som vart avskaffa alt i 1845.

Feiringa på universitetet skulle avslutta feiringa i Kristiania. Siste punkt i festreglementet slo fast at frå klokka tre til fire på ettermiddagen 3. november skulle det ringjast med alle «Domkirkens og Aggershuus Slotskirkes Klokker, og, naar dette ophører, blæses med Basuner og Trompeter fra Kirketaarnet, da Kanoner tillige løses fra Aggershuus Slotsvolde, hvorved tilkjendegives, Secularfesten er sluttet.»

Det var lite av feiring med lokalt preg, sjølv om markeringa gjekk litt ulikt føre seg omkring i landet. I Bergen oppsto det strid om både plassering i prosesjonar og om komposisjon av kan-

tater. I Trondheim var det eit møte i Det Kongelige Norske Videnskabers Selskab (DKNVS) som skulle avslutta det heile. Før møtet vart det ringt med klokkene i Domkyrkja ein heil time, etterpå ein halv time med storklokka. Preses, biskop P. O. Bugge, tala, og visepreses N. Schultz sto for kantate. (Selskapet hadde kjøpt inn eit maleri av doktor Luther, eit gyseleg produkt laga av tegnemester Kriebell og betalt med 20 spd., vart det rapportert.)

Under jubelfesten vart det også halde selskap av ulikt slag. I Kristiania heldt t.d. statthaldaren stor gallamiddag for alle geistlege og 32 studentar på fredag 31. oktober. Men sjølve festreglementet understreka at med til festen hørde det også å hugsa dei fattige. Når kyrkjelydane vart oppmoda til «paa værdigste Maade at høitideligholde Festen saavel offentlig som privat», skulle det skje ved «at lade Arbeidet hvile, ved at bivaane den offentlige Gudsdyrkelse, ved milde Gaver til trængende Brødre, og fremfor alt ved Hjertets Renselse og alvorlig Bøn til Gud.»

Hjelpe til dei fattige vart ordna på ulik måte omkring i landet. I Trondheim vart det oppretta ein komité under leiing av biskop Bugge med byens prestar og nokre leiande borgarar. Dei organiserte innsamling av pengar og matvarer, og det vart gjort nøye greie for alt som kom inn. I følge *Adresseavisen* var det i alt 752 menneske som vart hjelpte med mat og pengar.

Kva var så innhaldet i jubelfesten i 1817?

Eg har ikkje kunna gå grundig igjennom alt det som finst av talar, tekstar, bønner og anna materiale om feiringa, og stør meg difor for ein stor del på professor Kolsrud, som har skrivt noko om dette. Men berre ved å lesa igjennom Herslebs framstilling av kyrkjehistoria før og etter reformasjonen, bispane sine skriv til kyrkjelydane og ein del av det andre materialet, er det nokre ting som vert relativt tydelege.

Reformasjonen blir sett på som eit stort og viktig steg framover i kunnskap og generell opplysning, men det vert også tala om ei tilbakevending til evangeliets klare lys, bort frå menneskepåfunn og menneskebod. Vitskapselskapet og bibelselskapet skal vera med på ein fest «til Minde om Religionens og Videnskabernes Gjenfødelse i Europa». Det som kan feirast er ei frigjering frå den gamle pavekyrkja, ei frigjering både politisk og religiøs, med trus- og samvitsfridom, men også forskingsfridom blir nemnt. Det er tale om moralske framsteg, og ei tydeleg svartmåling av lastefylt munkeliv som bakteppe. Ei viktig sak å få fram var spreinga av bibelordet til den vanlege mann, og ikkje minst i eit nytt skulevesen. Biskop Bugge understreka tydeleg i sitt brev til kyrkjelydane at i tillegg til å framkalla Bibelens reine lære «af den Dunkelhed, hvori den laa begravet», brukte Gud Luther «til et udmærket Redskab i sin Haand til at gjøre den Hellige Skriffs Læsning, muelig for meenig Mand». Biskop Bech oppmoda til å feira den dag «da Evangelii Lys begyndte paa nye at frembryde igjennem Van-kundigheds lange Nat, som i Aarhundreder havde indhyldet Christdommen i sit skumle Mørke».

Kanskje kan vi seia at det var reformasjonen som generelt opplysningsprosjekt som særleg vart feira i 1817? Det var visst i alle fall intensjonen.

Feiringa i 1837

Den generelle reformasjonsmarkeringa som skulle vera ei årleg markering, var fast knytta til 31. oktober, den dagen i 1517 då reformasjonen starta. Når innføringa i spesielle land og fyrstedømme skulle markerast, kunne det vera vanskeleg med nøyaktige datoar. Vi har nemnt at i Danmark hadde det vorte ekstra feira i 1736, og denne feiringa hadde skjedd på same tid på året, men med anna vektlegging. Når vi kom til 1836, melde spørsmålet seg om innføringa av refor-

masjonen i vårt land skulle få ei ekstra markering.⁸ Kyrkjedepartementet ba sommaren 1836 biskopane om synspunkt på saka. Biskop Bugge uttala seg 22. juli 1836.⁹ Han var tydeleg på at markering av innføringa av reformasjonen i Noreg måtte leggjast til 1837, men elles meinte han at dette måtte skje saman med markeringa 31. oktober eller første søndagen i november, og at det måtte greia seg med éin dags feiring. Dette vart visst også stort sett resultatet.

Det vart nedsett ein kongeleg kommisjon som skulle førebu festen. Denne kommisjonen (biskop Chr. Sørenssen, stiftsprost Edv. Munch, rektor S. Bugge, prof. C. A. Holmboe og lektor J. F. Dietrichson) uttala m.a. følgjande: «Tanken om de sørgelige Minder, som knytte sig til den Periode af vort Fædrenelands Historie, i hvilken Reformationen hos os blev indført, bør bevirke, at Glædesyttringene noget indskrænkes».¹⁰ Hendingane i 1536/37 hadde nok ført med seg innføring av reformasjonen, men det skjedde saman med den sterkaste demonstrasjon av landets politiske vanmakt, difor skulle ein vera varsam med å jubla for høgt. Den nye nasjonalstaten trong ikkje minnast om korleis vi hadde vorte hærtekne og underlagde danskane i 1536/37.

Det vart vedteke følgjande: «En to Dagers Jubelfest holdes Søndagen den 5te og Mandagen den 6te November. Paa den første af disse to Dage feires Festen ved offentlig Gudstjeneste i Rigets Kirker, og paa den sidste i Christiania ved en Høitidelighed ved det Kgl. Frederiks Universitet, og i de øvrige Byer i Skolerne.» Biskopane skulle, som i 1817, sende «Indbydelse til Menighederne til værdigen at høitideligholde Festen». Det reglementet som vart sendt ut, fastla opplegg for hovudgudstenesta, men også for aftensang der det var vanleg. Det vart ikkje utplukka ekstra tekstar, men det skulle preikast over tekstane på allehelgensdagen. I

stiftsbyane skulle elles aftensangen vera «forenet» med «Bibelselskapets sædvanlige aarlige Festlighed». På universitetet og i skulane skulle det talast og avsyngjast kantater. Det skulle ringjast med klokker begge dagane, men kanonsalutt var det ikkje snakk om denne gongen. Kommisjonen hadde meint at det var mindre høvande til «en Fest af religiøs Tendents».

Heile opplegget vart framstilt som ei mellomløysing mellom dei som ville ha meir og dei som ville ha mindre feiring. Nokre av bispane kunne tenkja seg meir, medan t.d. Bugge verkar som festbrems – han ville ha minst mogeleg. Dette skulle vera ei spesiell norsk feiring, og det var opplagt vanskeleg å finna den rette basis for feiringa sidan det ikkje var naturleg å setja kongehuset i sentrum slik ein hadde gjort det i 1736. Den ytre råma for feiringa var elles i hovudsak slik som i 1817, med gudstenester og arrangement ved universitet og skular.

Feiringa i 1917

Slike arrangement var også ei hovudråme for feiringa i 1917, difor vil vi her leggja hovudvekta på ei anna side. Feiringa skjedde denne gongen i skuggen av første verdskrigen og hadde særleg tre uttrykksformer. Sentralt sto ei gudsteneste i alle kyrkjene i landet som alle kunne vera med på, dernest ein stor minnefest i regi av universitetet, halden i universitetsaulaen med kongeleg deltaking og stor festivitas, og for det tredje gjekk det denne gongen føre seg stor aktivitet i samband med utgjeving av fleire store minneskrift. Den store generelle feiringa hadde kyrkjedepartementet som tidlegare hand om. Feiringa ved universitetet hadde stort sett teologane der hand om. Gjennom ein omfattande publiseringsaktivitet kom fleire – både teologar og andre – til orde.

La oss særleg sjå på tre av desse publikasjonane.

Oluf Kolsrud sto som utgjevar av *Den norske Kirkes Mindeskrift ved Reformationens 400-Aars-Jubilæum Aar 1917*, som inneheldt «Utkast til en norsk Kirkeordinantz» frå 1604, og dessutan var innleia med eit «Sendebrev fra Den norske Kirkes Biskopper om den Lutherske Reformations Væsen og Betydning».

Frå dette sendebrevet legg vi spesielt merke til to understrekingar. Biskopane poengterar at Luther ville reformere, ikkje revolusjonere. Hans bodskap var, slik dei oppfatta han: «Gjør evangeliet til øverste dommer, men behold det som historisk har utviklet sig og indforlivet sig i folkelig og menighetsliv, naar det ikke strider mot Guds ord.» Dermed hadde ikkje utviklinga vorte radikal, men teke vare på det som var kjent og kjært, sunt og godt. «Hvilken velsignet ting», slik skreiv bispene – J. F. Tandberg, P. W. Bøckman, G. Diedrichson, B. Støylen, P. Hognestad og O. Jensen. Ei anna sak dei framhevar er at vektlegging av personleg ansvar er viktig, men då må det òg understrekast at «Gud kræver av os religiøs samfundsaaend.» Dei skriv: «I den organiske enhet av religiøs individualisme og religiøs samfundsfølelse ligger den avgjørende forskjel mellem den sande Lutherdom og det separatistiske partivæsen, som har blomstret op paa protestantisk jordbund.» I den tidsaktuelle lutherdom såg dei altså viktige ting dei ville åtvare mot. Feiringa kunne nyttast til innlegg i aktuell debatt. Her er det ikkje vanskeleg å merka døningar frå kyrkjestridd i bakgrunnen.

Eit anna skrift kom frå teologane ved Det teologiske fakultet. Dei nytta andre halvdelan av *Norsk Teologisk Tidsskrift* for 1917 til ei utgåve som dei kalla *Norsk Teologi til Reformations-jubilæet 1917*. Her leverte dei leiande teologane avhandlingar om sine spesialfelt – ein demonstrasjon av kva norsk teologi sto for i 1917 – der ikkje Luther og reformasjonen sto i sentrum. Professor Michelet skreiv «Om literær komposi-

tion i de gammeltestamentlige skrifter», Lyder Brun om «Urmenighetens Kristustro», og S. Mowinckel om «Tronstigningssalmene og Jahves tronstigningsfest». Oluf Kolsrud fekk henge på ei framstilling av «Minder fra Jubilæet 1817».

Eit tredje skrift hadde ein annan karakter. På framsida sto det: *Luther. Et festskrift i anledning av reformationens 400-aars jubileum, utgit ved prester i Bergens og omegns presteforening*, Bergen 1917.

I denne boka på nær 350 sider var verkeleg Luther i sentrum. Prestane skreiv om Luther i Eisenach, Erfurt, Wittenberg, Rom, Leipzig, Worms, på Wartburg, i Marburg, i Augsburg, og jamvel om «Luther i Bergens bispedømme». Dei skreiv om Luther som predikant, som folkevekkjar, bibelomsetjar, salmediktar og skulemann – i alt godt over 20 mindre avhandlingar. Arbeida skulle nyttast som «en kilde til foredrag og forhandlinger», men mest var det tenkt på, sto det i føreordet, «den del av folket, som har oplevet eller ialfald aner frelsens storhet, men som ikke rigtig skjønner Luther og Lutherdommens storhet.» Her var tanken opplagt at det skulle gå føre seg ekstra aktivitet på lokalplanet.

Stiftsprost Carsten Hansteen hadde redigert boka, og biskop Peter Hognestad var med både som utgjevar og forfattar. Målsetjinga må opplagt ha vore: Luther for folket.

Hausten 1917 var det også ein del stoff i avisene om reformasjonsjubileet. I Trondheim skreiv t.d. skuleinspektør Sven Svensen ei rekkje artiklar.¹¹ Han vart kritisert av den katolske soknepresten, Celestin Riesterer, som klagar over at det som skulle handla om Luther og reformasjonen, helst vart framstillingar av avlaten og grove utfall mot den katolske kyrkja. Han tilrådde at ein heldt seg til omtale av Luther og reformasjonen og nytta andre fargar enn berre svart og kvitt. Elles hadde slike saker liten plass i avisene, som hausten 1917 var sterkt prega av utviklinga i Russland og gangen i verdskrigen.

Feiringa i 1937

Medan publikasjonane i 1917 tydeleg kom frå litt ulike leirar, er hovudpublikasjonen frå jubileet i 1937 av ein litt annan karakter. Det var Norges Lutherlag som var utgjevar av *Vår lutherske arv. Et festskrift til 400-års-jubileet for reformasjonens innførelse i Norge. Med bidrag av en rekke medarbeidere*. Utgitt av Norges Lutherlag ved Sigurd Normann, biskop, dr. theol.

Redaktøren Sigurd Normann hadde i 1937 vorte biskop i Hålogaland. Alt til jubileet i 1917 hadde han gjeve ut ei eiga bok, *Luther i kamp for kirken*, og i 1928 sto han bak skipinga av Norges Lutherlag der han var leiar inntil sin død i 1939. Lutherlaget gav ut ein del skrifter, men vart nedlagt mot slutten av 1940-åra. Ikkje uventa søkte det ein sentral plass i feiringa i 1937. I festskriftet, som er på om lag 400 sider, finn vi avhandlingar av mange av lærarane på Menighetsfakultetet og kjente prestar i samtida. Det meste handlar om luthersk teologi, lite om Luther som person. Det startar med Sigurd Normanns artikkel om «Martin Luther – kirkens reformator» og held fram med Andreas Seierstads «Då reformasjonen kom til Noreg». Deretter kjem ei rekkje artiklar om Luthers syn på t.d. Bibelen, dåpen, nattverden, kyrkja o.s.b.

Kyrkjedepartementet følgde gamle spor og sytte også i 1937 for at det i kyrkjene vart minna ekstra tydeleg om innføringa av reformasjonen. Den 3. november vart det også på nytt skipa til reformasjonsfest ved universitetet. Her kom det til syne ei motsetning. Ein viss protest mot altfor høgroysta reformasjonshylling let seg høyra. Professor Oluf Kolsrud heldt tale med historisk tilbakeblikk.¹² Han tala m.a. om norsk veikskap og nedgang på 1500-talet, men hadde også lengre perspektiv. Han fann grunn til å minna om at det hadde vore kristendom i landet også før reformasjonen, noko ei syntest ha gløymt i dei tidlegaste feiringane, men som ein no lettare kunne sjå.

«Historia hev lært oss, at myrker og ljøs fordeler seg paa baee sider av merkeåret 1517», hevda han. Ut frå sitt positive syn på den norske mellomalderkyrkja fann han grunn til å peika på mørke sider ved den første tida etter reformasjonen.

Dette kunne tolkast som ei nedjustering av reformasjonen, og Kolsrud møtte kontant motstand alt på same festmøtet. Biskop Eivind Berggrav var neste talar, og åpna med ein protest mot Kolsruds nedtoning av kor viktig reformasjonen var.¹³ Sjølve feiringa i 1937 førte ikkje med seg nokon stor debatt om saka.

Debatt om verknader av reformasjonen for mange sider av samfunnsutviklinga vart det derimot meir av i dei følgjande tiåra, ikkje minst på bakgrunn av andre verdskrigen, eit tema som ein kanskje kunne tru ville vera aktuelt også i samband med ny feiring.

Mot ny feiring i 2017

Synet på reformasjonen har sjølvstøtt endra seg over dei 500 åra, og denne endringa er eit stort og svært interessant tema som det nok vil bli arbeidd med i samband med den nye feiringa.¹⁴ At reformasjonen har hatt stor innverknad på samfunnsutviklinga er det ingen tvil om, og til ein viss grad kjem det til syne også ved dei feiringane vi har sett på, men dette er eit tema som må drøftast på eit heilt anna og større materiale.

Ser vi på sjølve feiringane i perspektiv, finn vi, naturleg nok, at dei alle er prega av si eiga samtid. I 1617 var det viktig å feira siger over motstandarar, og i 1717 finn ein endå sterkare vektlegging av eigen styrke. Feiringa i 1736 var i høg grad ei markering av den velsigning ein meinte det var ved å leva i ein luthersk stat og under eit luthersk kongehus, medan ein i 1837 av politiske grunnar ville ha ei varsam feiring som ikkje krenkte nasjonal stoltheit. Den lengste tida har feiringane vore ei sak særleg for statsmakta i samarbeid med den

offentlege kyrkjemakta, men «festreglementet», som det heitte i 1817, har vorte meir opent og mindre detaljert, sjølv om opplegget nettopp i 1817 vart styrande for dei følgjande feiringane. Ei side ved den omfattande feiringa i 1817 var å markera framgang i kunnskap og opplysning. I 1917 var det viktig å spreia kunnskap om Luthers person og lære til alt folket, men formålet var visst ikkje minst å gjera dette til styrking av posisjonar i den samtidige teologiske debatten. I 1937 finn vi så tendens til ei viss avbalansering eller nedjustering av reformasjonen.

Så skal det feirast på nytt. Det kan bli interessant å sjå kva som i 2017 blir funne verd å leggja mest vekt på ved ei ny reformasjonsfeiring. På dei planar som er lagde, har det kome reaksjonar. Det blir t.d. kritisert at ein synest fokusera på markering av den religiøse sida utan å leggja vekt på den breiare historiske tyding reformasjonen har hatt, og at ein også vil halda seg unna dei vanskelege sidene ved Luthers utsegner.¹⁵ At det blir etterlyst nye oppgjer med Luthers vanskelege utsagn både om jødar og ulydige bønder, og med lettvinde formuleringar frå friske bordtalar, kan ein vel rekna med. Og det finst mange kritiske spørsmål å stilla både til luthersk teologi og praksis.

Når det gjeld den breiare historiske verknaden av reformasjonen, er dette eit omfattande og viktig tema som det trengst meir arbeid med, både frå sentralt og frå meir lokalt perspektiv, difor er det positivt at den norske komiteen ønskjer seg innslag også frå lokalhistorisk side når det no skal gjennomførast ei ny reformasjonsfeiring. Som vi har sett, har tidlegare feiringar i all hovudsak vore styrte av kyrkje og stat ovanfrå, men den uttalte vilje til samarbeid vil kanskje føra med seg ei viss endring i dette. Som lokalhistorisk tema har reformasjon og reformasjonsfeiring førebels ikkje vore noko stor sak. Ved feiringar har folket stort sett berre blitt innkalla som deltakarar i gudstenester. Frå 1800- og sær-

leg 1900-talet har det i eit visst omfang vore lagt til rette for lokale markeringar. Hittil er det heller ikkje ved komande feiring lagt fram særleg konkrete planar om lokale prosjekt som knyter seg til sider ved reformasjonen. Men å studera verknader av reformasjonen i norske lokalsamfunn er ei stor og interessant oppgåve, og kunne den nye feiringa gje inspirasjon til arbeid med dette temaet, vil det kunna gje viktige resultat.

Noter

- 1 Orientering om planar for reformasjonsmarkeringar kan ein finna på nettet t.d. ved å ta utgangspunkt i nettstadane «reformasjon2017.no», «luther2017.de», «luther2017.dk» og liknande.
- 2 Oluf Kolsrud: «Reformasjonsjubilæet i Norge 1817. Beretninger og aktsykke», i *Norsk Teologi til Reformasjonsjubilæet 1917*, Kra. 1917, s. 250–368.
- 3 T.d. Carsten Bach-Nielsen: *Fra jubelfest til kulturår. Danske reformationsfejringar gjennom 400 år*, Kbh. 2015. Dei tidlege feiringane er drøfta i breitt perspektiv i Thomas Ewen Daltveit Slettebø: *In Memory of Divine Providence. A study of Commemoration in Eighteenth-Century Denmark-Norway (1717–1760)*, Bergen 2016.
- 4 Hans Olrik: «Reformationens 200-års jubilæum i Danmark 1717», i *Kirkehistoriske Samlinger*, fjerde række, første bind, Kbh. 1889–91, s. 268–294. Sjå også D. H. Wulff: «Reformationsjubilæet i Aalborg 1717», i *Kirkehistoriske Samlinger*, fjerde række, andre bind, Kbh. 1891–93, s. 323–331.
- 5 L. Koch: *Kong Christian den siettes historie*, Kbh. 1886, s. 192.
- 6 Viser til Kolsruds framstilling, sjå note 2.
- 7 SA, Nidaros biskop, kopibok 27, 6. sept. 1817.
- 8 I Danmark vart det i 1836 halde stor feiring med kyrkjefest, og dessutan vart det promovert ikkje mindre enn 33 doktores ved universitetet. L. Koch: *Den danske kirkes historie i det 19. århundrede*, Kbh. 1883, s. 149 f.
- 9 SA, Nidaros biskop, kopibok 29, 22. juli 1836.
- 10 *Departements-Tidende* 19. juni 1837, s. 498.
- 11 *Adresseavisen* sept. og okt. 1917.
- 12 Ved det norske universitets reformasjonsfest 3. november 1937. Tale av Oluf Kolsrud, Oslo 1937. (Særprent av *Syn og Segn*.)
- 13 Carl Fr. Wisløff: *Norsk kirkehistorie*, bd. III, Oslo 1971, s. 315.
- 14 Ei ny bok på feltet er Steinar Imsen: *Da reformasjonen kom til Norge*, Oslo 2016.
- 15 Jfr. kronikk av T. Rasmussen i *Vårt Land* 11. april og H. Byfuglien same stad 18. april 2016.